

Samferdselsdepartementet

Postmottak@sd.dep.no

Deres ref: 22/967 Vår sak nr: SAK-02683-V3Y5N6

Dato: 29.06.2022

INNSPEL FRÅ NTL OM VIDARE ARBEID MED ORGANISERING AV VEISEKTOREN.

NTL viser til møtet med samferdselsministeren den 23. juni og sender med dette ett skriftleg inspel.

NTL vil ha ein kostnadseffektiv struktur, og trygge vegar i landet vårt. Me vil ha sterke, kompetente og desentraliserte fagmiljø. Me vil ha kompetanse og sysselsetting i distrikta, også i framtida.

For at me skal kunne ta heile landet i bruk, er me avhengige av god infrastruktur. Slik vert det lagt til rette for verdiskaping og beredskap der folk bur. Me er avhengige av eit ope og trygt vegnett for å få folk, varer og naudetatar fram. Skal me sikra heilskapleg, god og effektiv beredskap på vegane i landet vårt er me avhengige av at Statens vegvesen framleis får høve til å utføra sitt viktige samfunnsoppdrag.

Samfunnssikkerheit og beredskap må også i framtida vera det offentlege sitt ansvar. At kritisk infrastruktur er underlagt politisk styring og kontroll er viktig, både for å syta for rettvis fordeling og utvikling, men også for å ivareta sikkerheit og beredskap over heile landet.

Nye Veier AS vart oppretta i 2016 for å gjennomføra ei rimelegare, raskare og betre utbygging, drift og vedlikehald av deler av riksvegnettet. Nye Veier AS fekk andre og langt betre verkemiddel og råmeføresetnadar enn det Statens vegvesen har.

Frå nyttår 2020 vart det med regionreforma oppretta 11 nye vegadministrasjonar i fylkeskommunane, no vert det snart 15. I tillegg har me OPS-prosjekt. Alle dei nye vegaktørane har henta viktig kompetanse frå Statens vegvesen. Slik har vegkompetansen i landet vårt dei siste åra vorte oppstykkja og delt. Situasjonen innan vegområdet er difor ein heilt annan i dag, enn den var i 2016 då Nye Veier AS vart oppretta.

Borgarlege politikarar utnemnde Nye Veier AS til ein stor suksess lenge før dei hadde bygd ferdig ein meter veg og Nye Veier AS sjølv hevdar at dei har spart samfunnet for fleire milliardar. Ei samfunnsøkonomisk evaluering vil få fram alle gode erfaringar. Forskarar ved NTNU har i rapporten



«Lykkes Nye Veier med å redusere utbyggingskostnaden i sine prosjekter?» nyansert biletet Høgreregjeringa laga om selskapet.

At store selskap skil ut ein pilot på store prosjekt er vanleg, men når erfaringane er erverva, vert piloten innlemma i mor-selskapet att. Slik må også Nye Veier AS, på sikt, innlemmast i Utbyggingsdivisjonen til Statens vegvesen.

NTL kjem med følgjande framlegg til det vidare arbeidet med organiseringa av vegsektoren;

- Gruppa som skal arbeida med framtidig organisering av vegsektoren må vera breitt samansett folk frå etatar, bransjar og tillitsvalde basert på innspel frå sentrale aktørar i vegsektoren.
- Riksvegnettet må vera underlagt politisk styring og kontroll. Slik sikrar ein rettvis fordeling og utvikling, men også heilskapleg beredskap, over heile landet.
- Det skal gjennomførast ei samfunnsøkonomisk evaluering av Nye Veier AS sine prosjekt. Eventuelle gode læringspunkt må implementerast i Statens vegvesen, mellom anna ny finansieringsmodell.
- Nye Veier AS må på sikt innlemmas i Utbyggingsdivisjonen i Statens vegvesen.
- For å sikre vidare kompetanseutvikling, og ikkje minst sysselsetting hjå entreprenørane, må ein vurdere å dela opp prosjekt som er kostnadsberekna til mange milliardar. Ei variert prosjektportefølje over heile landet er viktig, ikkje minst samfunnsøkonomisk.

Med hilsen

NORSK TJENESTEMANNSLAG

Kopi: LO

